

KOMMISJONSDIREKTIV 2007/26/EF

2012/EØS/16/13

av 7. mai 2007

om endring av direktiv 2004/6/EF med sikte på lenging av bruksperioden(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/398/EF av 3. mai 1989 om tilnærming av medlemsstatenes lovgiving om næringsmidler til bruk ved spesielle ernæringsmessige behov⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsdirektiv 2001/15/EF av 15. februar 2001 om stoffer som for særlege ernæringsformål kan tilsettes næringsmidler til bruk ved spesielle ernæringsmessige behov⁽²⁾ er det fastsett visse kategoriar av stoff, og for kvart av desse er det nemnt kva kjemiske stoff som kan nyttast i framstilling av næringsmiddel til bruk ved spesielle ernæringsmessige behov.
- 2) Då direktiv 2001/15/EF vart vedteke, kunne ei rekke kjemiske stoff som var tilsette for særlege ernæringsføremål i visse næringsmiddel til bruk ved spesielle ernæringsmessige behov som er marknadsførde i visse medlemsstatar, ikkje forast opp i vedlegget til det nemnde direktivet fordi dei ikkje var vortne vurderte av Vitskapsutvalet for næringsmiddel (SCF).
- 3) Inntil Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) har fullført vurderinga av desse stoffa, kan medlemsstatane i samsvar med kommisjonsdirektiv 2004/6/EF⁽³⁾ fram til 31. desember 2006 tillate handel på territoriet sitt med produkt som inneheld desse stoffa, så fram visse vilkår som gjeld tryggleiken deira, er vortne oppfylte.
- 4) Det var ikkje mogleg å fullføre vurderingane og dei tilhøyrande administrative tiltaka før 31. desember 2006. For å unngå unaudsynlege forstyrningar i handelen med dei aktuelle næringsmidla bør difor bruksperioden for direktiv 2004/6/EF lengjast.
- 5) For å ta omsyn til den tida som er naudsynt for å fullføre EFSA si vurdering av stoffa og for å innarbeide

dei tilhøyrande tiltaka i nasjonal lovgjeving, bør bruksperioden for direktiv 2004/6/EF lengjast fram til 31. desember 2009.

- 6) Ettersom 31. desember 2006 er fastsett som frist i artikkel 1 i direktiv 2004/6/EF, bør dette direktivet innarbeidast innan ein kort frist. For å unngå vanskar når det gjeld handelen med produkt som inneheld dei stoffa som er førde opp i direktiv 2004/6/EF, bør dette direktivet nyttast frå 1. januar 2007.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I artikkel 1 i direktiv 2004/6/EF vert datoen «31. desember 2006» endra til «31. desember 2009».

*Artikkel 2***Innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

1. Medlemsstatane skal innan 8. juli 2007 vedta og kunnjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. januar 2007.

Når desse føresegnene vert vedteke av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunnjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnngjort i EUT L 118 av 8.5.2007, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 5/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 33, 12.6.2008, s. 8.

(1) TEF L 186 av 30.6.1989, s. 27. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

(2) TEF L 52 av 22.2.2001, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/34/EF (TEU L 83 av 22.3.2006, s. 14).

(3) TEU L 15 av 22.1.2004, s. 31.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. mai 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen
